



NÆR FOLK

i heile
GISKE

PROGRAM
GISKE SENTERPARTI
2023 – 2027

VÅR POLITIKK

for heile Giske



Giske Senterparti vil jobbe for trivsel og vekst i heile Giske kommune. Vi vil sørge for ein ansvarleg økonomisk politikk der målet er å tilby gode tenester til innbyggjarane i heile kommunen. Dei politiske prioriteringane som er lagt fram i dette programmet er saker vi i Giske Senterparti vil prioritere å jobbe for i perioden 2023–2027.

Som folkevalde er det vår jobb å vere tenarar som formidlar eit syn, verdiar og holdningar knytta til eit parti sitt grunnsyn og partiprogram. Ved kommune og fylkestingsvalet skal du velje dei representantane som passar best med dine meningar og dei som du har mest tru på vil vere til det beste for kommunen og regionen du bur i. Senterpartiet i Giske stiller til val med eit særst godt lag bestående av menneske med ulike alder, bakgrunn, kultur og utdanning. På denne måten stiller vi med god representasjon for innbyggjarane i Giske kommune.

Med hjarte for

Helse og omsorg

Helse og omsorg er den største sektoren i kommunen, med store framtidige utfordringar. Talet eldre veks, og vi får aukande behov for kommunale tenester framover, spesielt innan demensomsorga. Det er viktig å utvikle eit fleksibelt tenestetilbod tilpassa den enkelte brukars ynskjer og behov, innan tilgjengelege økonomiske rammer. Dei som ynskjer å bu heime, må få gjere dette så langt det er mogleg. Det å styrke heime-tenesta på natt vil gi enda fleire moglegheit til dette. Dei som treng å bu saman med andre må få moglegheit til det. Uansett må alle få den hjelpa dei treng. Dette krev eit variert tilbod av institusjonsplassar, varierte butilbod og ei fleksibel heimeteneste.

Helse- og omsorgssektoren har mange tunge og krevjande arbeidsoppgåver. Det er viktig å gjennomføre tiltak som lettar arbeidet, og som skapar eit godt arbeidsmiljø for dei

tilsette slik at vi tek vare på den viktige kompetansen i kommunen. Vi som bur i Giske kommune må vere trygge på at vi får den hjelpa vi treng, når vi treng den.

Når ein ligg nede er det særst viktig at systema verkar slik dei skal. Giske SP er oppteken av at både barnehagar, skular og helsetilbod skal vere forebyggjande for born og unge si psykiske helse. Vi ynskjer at barnehagar og skular skal vere ein arena med nok vaksne til at borna kjenner seg sett og trygge. Vi meiner det er viktig at det skal vere eit lågterskel helsetilbod i kommunen for psykiske utfordringar. Det vil seie eit tilbod utan ventetid. Vi vil satse på tiltak som styrker positiv psykisk helse og trivsel. Helsestasjonen, barnehage og skule er arenaer der ein kan starte med tidleg innsats for helsefremmande tiltak. Tilbod for familien ved kontakt med helsestasjonen, høg kvalitet på barnehagar og nok pedagog-ressursar i

VÅR POLITIKK

for heile Giske



skulen er noko av det vi meiner er viktig. Psykisk helseteam for born og unge er lågterskel tilbod vi ynskjer skal styrkast slik at born og unge kan få hjelp direkte ved kontakt.

Vi meiner at eit tilbod for unge med rusvanskar er viktig å få på plass. Eit tilbod der dei unge kan kjenne seg trygge på å kunne ta kontakt når dei treng det og at dei vil få hjelp. Det same ynskjer vi for vaksne. Eit fleksibelt og godt tilbod som er der når folk treng det, utan ventetid som kan forverre vanskane både når det gjeld psykiske vanskar og rus. Og det innanfor dei økonomiske rammene.

Giske Senterparti vil jobbe for:

- forutsigbarheit for avlastningstenesta og styrke den heimebaserte omsorga.
- verdig og nok eldreomsorg.
- førebyggjande arbeid, rehabilitering og førebygging av rusproblem.
- styrking av psykisk helsehjelp for born og unge.
- styrking av barneverntenesta og helsestasjonen.
- å tilsette kreftkoordinator.
- å oppretthalde eit mest mogleg desentralisert butilbod i omsorgstenesta, slik at fleire kan fortsette å bu nært sine familiar.
- å skape ei levande frivilligheit som kan bidra med si kompetanse som eit supplement til dei kommunale tenestene.
- Få fleire fysioterapeutar i kommunen.

Oppvekst og skule

Giske Senterparti meiner at ein god skule og eit godt nettverk rundt bornet og familiene deira er avgjerande for at born og ungdom skal fungere godt i samfunnet som vaksne. Det må bli lettare å samarbeide på tvers, til det beste for bornet og deira familie.

Giske Senterparti vil jobbe for:

- gode arbeidsforhold og tilfredsstillande arbeidsrom til dei som jobbar rundt bornet. Det å få tak i og behalde god og viktig kompetanse vil skape betre forutsetningar og forutsigbarheit som vil trygge dei som treng hjelp i oppveksten.
- at lærarnorma i skulen, og pedagognorma i barnehagen blir oppfylt.
- at det skal vere lærarutdanna i alle lærarstillingar i både skule og barnehage. Pr. no er det for mange som manglar denne utdanninga.

- å legge til rette for etter- og vidareutdanning for tilsette innanfor skule og barnehage.
- at born får trygge og gode oppvekstvilkår i nærmiljøet. Nærskulen, idrettslag og frivilligheita skal stå sterkt saman for å trygge og bygge gode relasjonar som gir levande nærmiljø for våre unge.
- at det skal bli lettare for føresette å samarbeide med hjelpeapparatet rundt bornet og familien. Sakene må utgreiast raskt og borna må få tildelt dei ressursane dei har krav på.
- trygge skuleveggar på alle øyane.
- å styrke PPT.

VÅR POLITIKK

for heile Giske



Miljø og samferdsel

Giske senterparti vil jobbe for å utbetre kommune og fylkesvegane der det trengs, på alle øyane. Dette vil vi gjere med tett dialog inn mot kommunen, samferdsel på fylket og Statens Vegvesen.

Vil vil jobbe for at det blir gjort utbetringar på Gjø sundbrua, slik at der blir trygt å ferdast for syklende og gåande.

Vi vil jobbe for utbetringar for kryssa ved Gjø sund og Ytterland.

Alle barn i Giske kommune skal ha ein trygg skuleveg.

Vi vil også jobbe for å tilrettelegge slik at private aktørar kan bidra med ladestasjonar i kommunen.

Vi meiner også at det er viktig å ta vare på dei lokale ressursane og næringslivet i kommunen. Handelslekkasje er ein viktig faktor å jobbe med.

Ei ulykke og stenging av Valderøy-tunellen vil gjere både Giske kommune,

men også regionen rundt svært utsett. Vi meiner løysingar for alternativ må stå høgt på prioriteringslista. Vi vil jobbe inn mot fylket, staten og Statens Vegvesen for å få fart på dette.

Vi vil få gjennomført gang og sykkelveg frå Strandkleiva og utover til dei nye boligfeltene på Flatebøen. Dette er viktig for å sikre ein trygg skuleveg for borna. Vi vil bygge vidare på gang og sykkelvegen frå vestenden av flyplassen og til Vikekrysset.

Kulturliv

Giske Senterparti vil vere ein engasjert part for å bidra til eit levande kulturliv i Giske kommune. Eit godt samarbeid mellom kommunen, fylket og private aktørar kan skape gode moglegheiter for nytenking, utvikling og bevaring, til glede og inspirasjon for menneske i alle aldre.

Vi må jobbe for å få på plass ein god kulturskule. Tilbodet må aukast til å gjelde eit større mangfald enn dagens tilbod, både innanfor musikk, dans, drama og forming.

Levande idrettslag er ein viktig faktor for å skape gode lokalsamfunn. Difor må kommunen vere ein god samarbeidspartner og bygge opp om det viktige arbeidet.

Jordvern

Kommunen vår har svært fine og lettdrevne landbruksområder. Det er av den beste og mest verdifulle matjorda vi har her ute på kysten. Når det då skal byggjast veg, boligfelt osv meiner vi at det bør vere mogleg i dei fleste tilfelle å ikkje bruke av dette. Det er vår generasjons ansvar å føre matjorda vidare i arv til framtidens matfat.

Vi må sjå på friluftsområder og fornuftige reguleringar for nye bustader på alle øyane. Øyane våre har nydelege og viktige særpreg som må takast vare på. Giske kommune må vere tydeleg på at husbygging nær fjøra må følgje plan- og byggingslova med byggeforbod i 100 metersbeltet langs sjøen.

Beredskap

Giske Senterparti vil jobbe inn til fylket for å sikre at innbyggjerane i kommuna har sikker og god beredskap i form av ambulansetjeneste og brannstasjon. Bevaring av dyrka mark og ivaretaking av bonden og det maritime næringslivet er ein viktig brikke i beredskapen.

Vi vil fremme kortreist mat for å oppfylle måla i Hurdalsplattformen med 50 % sjølvforsyningsgrad.

Vi vil arbeide for å få på plass ein god beredskap ved Alnestunnelen, der vi vil utrede om gamle Alnesvegen kan brukast som utrykningsveg for tungt utstyr ved eventuelle alvorlege ulykker i nedre del av tunnelen.

Vi vil også arbeide for at moloen på Alnes skal vere i statleg eige, slik at den kan nyttast til nødhamn og beskytte bygda mot vær og hav.

VÅRE KANDIDATAR

1



Monika Vartdal Giske 1983

2



Ola Andre Kalvøy
1990

3



Eva Hjelvik
1976

4



Håvard Moe
1969

5



Ole Furnes
1957

6



Ann Christin Giske
Ervik 1978

7



Atle Giske
1976

8



Inge Johan
Fagerheim 1966

9



Julie Kalvøy
1980

10



Magnar Rørvik
1951

11



Arthur Godø
1951